

Lærarrettleiing

# På ein skala frå ein til ti av Ann Helen Kolås Ingebrigtsen



Foto: Caroline Odden Giske

## TEMA:

- Mobbing og utanforskap
- Sosialt press
- Identitet og sjølvkjensle
- Å kjenne seg annleis
- Å leve med eit handikap
- Vennskap og lojalitet
- Ulykkeleg kjærleik

## **FØR:**

### **Tankekart**

La elevane lage ulike tankekart over omgrepa over. Kva set dei i samband med desse omgrepa? Kva kjensler vekker dei? Er det nokon som har erfaringar med noko av dette?

### **Diskusjon**

Snakk om det å vere annleis, anten ein føler seg slik eller har ein fysisk tilstand som er synleg og openbert annleis enn majoriteten — kva betyr det? Har dei opplevd eller sett eksempel på dette?

Kva er eigentleg ein majoritet? Kva er det motsette?

### **Forventningar til boka**

*Eg hatar det når folk spør kvifor eg haltar. «Har du skada foten? Er det ein fotballskade?» Så må eg seie at det er lenge sidan, og spørsmåla tar aldri slutt. Dei siste åra har eg begynt å seie ja. Ja, eg har skada meg, og når dei ser på meg og ventar på meir info, seier eg ingenting. Eit ja er alt dei får. Eg drit i om dei føler seg dumme. Eg føler meg dummast. Styggast. Handikappast.*

Les baksideteksten høgt.

*Miriam har levd med skada fot sidan ho var to år gammal. Ho haltar og har store smerter. Då ho fyller seksten, får ho beskjed frå legane på sjukehuset om at ho må amputere foten. Kort tid før operasjonen møter Miriam den kjekke guten Torjus, som ho blir hovudstups forelska i. Kan ho greie å fortelje han kva ho skal gå gjennom på sjukehuset? Og kva vil han seie når han får vite sanninga om kroppen hennar?*

Kva trur elevane boka handlar om?

Kva forventningar har elevane til boka?

Kva tenker elevane om tittelen på boka? Kva med omslaget? Kva kan det fortelje oss?

Tittelen på det første kapittelet er «JULI». Kva trur elevane boka begynner med? Kvifor juli? Kva er det første dei assosierer med juli?

### **Trygg samtale**

Det er reelle sjansar for at liknande tematikk kan vere utfordringar i nettopp denne klassen. Difor vil det vere lurt å etablere samtalereglar for klassen — *korleis kan vi snakke om vanskelege tema på ein respektfull måte?*

## UNDERVEGS:

### Aktivitetar

**Stoppe undervegs:** Les utvalde avsnitt høgt og diskuter:

Korleis opplever hovudpersonen mobbing og utanforskap? Kven er det som skaper utanforskapen her? Er det foreldra? Storsamfunnet? Dei andre elevane? Diskuter.

Korleis reagerer omgivnadene på Miriam?

Kva kunne dei andre karakterane gjort annleis?

Dette kan gjerne gjerast etter kvart kapittel, etter stopp–tenk–prat–prinsippet.

**Perspektivbytte:** La elevane skrive ein kort tekst frå synsvinkelen til ein annan karakter etter kvart kapittel, eller frå eit allvitande perspektiv («Fugleperspektiv»)

**Kjenslekart:** Teikn ei tidslinje over kjenslene til hovudpersonen gjennom boka. Kvar er dei sterkaste kjenslene? Kva utløyer dei? Dette kan ein gjerne gjere undervegs i lesinga.

## ETTER

Før lesinga hadde dei ei avklaring om forventningane til boka. La elevane sitje i grupper og diskutere om forventningane vart innfridd. Var boka som dei trudde? Er det noko som var annleis? Er dei skuffa? Likar dei boka? Kvifor/kvifor ikkje? Ta det gjerne opp i plenum.

### Lag spørsmål til boka — gruppeoppgåve

La elevane sitje i grupper på 3–4 og lage ei felles liste med spørsmål til boka. Oppmuntre dei til å stille så mange spørsmål som mogeleg innafor ei tidsramme (f.eks. 15–30 minutt). Dei kan òg lage faktaspørsmål som dei trur andre elevar kan svare på.

Del spørsmåla med klassen, eller samle dei og lag ei redigert liste. Som ekstraoppgåve kan elevane svare på spørsmåla med heile setningar.

Bruk spørsmåla som førebuing til møte med forfattaren Ann Helen Kolås Ingebrigtsen.

### Leseforståing – Kronologisk refleksjon over bokas innhald

Bruk gjerne følgjande spørsmål i etterarbeidet med boka. Du vel sjølv på kva nivå de skal utføre arbeidet med spørsmåla/oppgåvene/problemstillingane, enten det er individuelt, i grupper eller i plenum (IGP), alle tre eller berre to av nivåa.

Du står sjølvsgt også fritt til å plukke ut dei oppgåvene du sjølv tenker er mest relevante, eller legge til eigne spørsmål. Kanskje elevane også ønskjer å bidra her, med ting dei lurar på, men som ikkje finst i denne lista.

I tillegg kan det vere lurt å variere mellom skriftlege og munnlege svar. Spørsmåla er oppført meir eller mindre kronologisk i forhold til handlingsforløpet i boka, med nokre unntak.

Kva inntrykk har du av Miriam?

Kva står på spel for Miriam?

Korleis trur du det er å vere Miriam?

Kva for sjølvbilde har Miriam? Finn eksempel i starten av boka som fortel noko om dette.

Kva slags person er Miriam i starten av boka, og endrar ho seg i løpet av forteljinga?

Kva hendingar meiner du er med på å endre Miriam?

Kva slags søskenforhold har Miriam og Malin?

Korleis endrar relasjonen deira seg i løpet av forteljinga?

Har du søsken? Kva slags relasjon har de? Er denne/desse relasjonane viktige? Korleis då?

Kor mykje samanliknar du deg sjølv med søskena dine?

Kor mykje samanliknar du deg med vennene dine?

Gjer det noko at ein samanliknar seg med andre?

På kva måtar påverkar sjølvbildet vårt korleis vi oppfører oss?

Korleis kan vi jobbe med vårt eige sjølvbilde?

Korleis heng sjølvbilde og psykisk helse saman?

Kva påverknad kan sosiale medier ha på sjølvbildet vårt?

På kva andre måtar kan sosiale medier vere negativt for oss?

Er ungdom meir utsett for påverknad frå sosiale medier, trur de? Hugs å grunngi meiningane dykkar og komme med eksempel.

Trur de det er lurt å ha 13 års aldersgrense på sosiale medier? Trur de ei aldersgrense vil ha nokon som helst effekt? Hugs å grunngi meiningane dykkar.

Sosiale medium spelar ei positiv rolle i Miriam sitt liv. Korleis då, og tenker du at dei avgjerdene ho tek er smarte?

Kva andre positive sider har sosiale medium?

Kva slags type er Helene? Kvifor trur de ho oppfører seg som ho gjer? Kor mykje påverknad har Helene på Miriam? Kvifor er det slik, trur du?

Kva tenker du om dei andre jentene sin reaksjon på det Helene seier? Kva ville du ha gjort i same situasjon?

Kva slags type er Torjus?

Kva med Torjus sitt perspektiv: kan du forstå handlingane hans? Har Miriam noko ansvar for korleis det går med relasjonen deira? Kunne ho gjort noko annleis?

Er ungdomsperioden ei tid vi helst ønskjer å vere akkurat som alle andre, og ikkje skilje oss ut? Kvifor er det slik, trur du?

Kva synest du om folk på din alder som, for eksempel gjennom klesstil eller hobbyar, skil seg ut frå mengda?

Kva går tapt i ein klasse eller på ein skole der alle er heilt like?

Kva ansvar har kvar og ein elev for å gjere det trygt for alle å vere heilt seg sjølv, og ikkje kjenne på utanforskap i ein klasse?

Føler Miriam på utanforskap, tenker du? Kva type utanforskap er det i så fall snakk om?

**Vurderande klassesamtale — spør elevane**

Korleis var det å lese boka? Lett eller vanskeleg?

Korleis svara boka til forventningane?

Kva likte de med På ein skala frå ein til ti?

Kva likte de ikkje?

**Vidare**

Teikn ein eller fleire scener frå boka slik du ser dei for deg.

Lag ein informasjonsfilm. Lag ein film om utanforskap, ulikheit, diskriminering og/eller det å vere annleis. Vis korleis ein kan vere ein god støttespelar for ein som opplever å slite med eit fysisk handikap. Kva kan ein gjere?

Lag ein boktrailer. Lag ein trailer for boka med bilde, lyd og tekst. Maks tre minutt — helst under eitt. Sjå eksempel på YouTube før de startar:

<https://www.youtube.com/watch?v=aNCOcCs8qss&pp=ygUKQm9rdHJhaWxlcg%3D%3D>  
<https://www.youtube.com/watch?v=HwJRpHFMp34&pp=ygUKQm9rdHJhaWxlcg%3D%3D>  
<https://www.youtube.com/watch?v=JS07ITxECsl&pp=ygUKQm9rdHJhaWxlcg%3D%3D>

Lag ei speleliste til Miriam, med songar som kan styrke henne. Tenk på kva låtar som funkar for deg.